

# **PLAN FOR PSYKISK HELSEARBEID for Gol kommune**

Vedtatt i Gol kommunestyre:  
27.03.2007 sak 9/07.



***Den som aldrig***

Torel A.B. 2003

*Den som aldrig lever nu,  
lever aldrig.  
Hvad gjør du?*

**Piet Hein**

## **INNHOLD**

<b>1. Planarbeid .....</b>	<b>3</b>
<b>2. Strukturelle tilhøve .....</b>	<b>3</b>
2.1. Psykisk helsearbeid .....	3
2.2. Organisering .....	4
2.3. Den aktuelle situasjonen og framtidige behov. ....	9
2.4. Øyremerka tilskott.....	10
2.5. Kommunalt finansiert tilbod .....	11
2.6. Samansette problem .....	11
2.7. Samarbeid.....	11
2.8. Krisepsykiatrisk samarbeid .....	12
<b>3. Overgripande tiltak.....</b>	<b>12</b>
3.1. Brukarmedverknad .....	12
3.2. Kompetansebehov .....	13
<b>4. Særskilt om tiltak for voksne .....</b>	<b>14</b>
4.1. Bustad og tiltak.....	14
4.2. Aktivitet og sysselsetting .....	15
<b>5. Barn og unge .....</b>	<b>16</b>
5.1. Bakgrunn .....	16
5.2 Situasjon .....	17
5.3 Tiltak .....	17
<b>6. Økonomi.....</b>	<b>18</b>
<b>7. Nye tiltak .....</b>	<b>20</b>
<b>8. Mål og tiltak .....</b>	<b>20</b>
<b>Tiltak.....</b>	<b>24</b>

## **1. Planarbeid**

Gol kommunestyre vedtok i 1998 "Handlingsplan for styrking av tenestetilbodet til menneske med psykiske lidinger" med revisjon i 2002.

Sentralt for utbygging av det psykiske helsearbeidet i kommunane er Opprappningsplanen for psykisk helse 1999 – 2006 (St.prp.63,1997-98) som legg opp til ei klar styrking av det psykiske helsevernet og det psykiske helsearbeidet i kommunen.

Regjeringa sin strategiplan for barn og unge si psykiske helse "Saman om psykisk helse" som kom i 2002, legg føringar for korleis kommunen bør styrkja arbeidet for denne aldersgruppa.

I 2005 kom IS -1332 Rettleiar. « Psykisk helsearbeid for vaksne i kommunene », som gir sterke føringar for organisering av tilbodet samt råd og rettleiing og overordna rammer for arbeidet. I rulleringa av den kommunale planen for psykisk helse har ein lagt rettleiaren til grunn. Sosial og helsedirektoratet har også utarbeidd ein rettleiar for barn og unge. Denne er i desse dagar ute til høyring. Denne rettleiaren vil også gi sterke føringar for det psykiske helsearbeidet for barn og unge i kommunen.

Plan for psykisk helsearbeid vert sett i samanheng med både økonomiplan, ruspolitisk handlingsplan, pleie- og omsorgsplan og kommuneplan. Ein finn det likevel mest formålstenleg å utarbeida eigne planar for desse områda.

## **2. Strukturelle tilhøve**

### **2.1. Psykisk helsearbeid**

Etter fleire evalueringar av det psykiske helsearbeidet peikar Sosial og helsedirektoratet i Rettleiaren for psykisk helsearbeid for vaksne på åtte hovudutfordringar for å betre kvaliteten på arbeidet med psykisk helse:

- Førebygging
- Meistring
- Tilgjenge
- Samhandling
- Brukarmedverknad
- Fagleg innhald i tenestene
- Kunnskap og tillit
- God ressursnytting

Psykisk helsearbeid i kommunen er tiltak retta inn mot menneske med psykiske lidinger og konsekvensar av lidningane hjå den einskilde, deira familiar og nettverk. Psykisk helsearbeid er både eit kunnskaps- og praksisfelt, og det omfattar også arbeid på systemnivå som førebygging av psykisk liding,

opplysningsarbeid og anna arbeid for å motverke stigmatisering og diskriminering.

I fylgje "Rettleiaren for psykisk helsearbeid for vaksne" skal kommunen prioritera personar med alvorlege og langvarige lidingar. Arbeidet skal bidra til å fremja sjølvstende og evna til meistring av eige liv for menneske med psykiske lidingar. Målet for satsinga er eit tenestetilbod der kommunen har etablert eit basistilbod for den einskilde brukar, og spesialisthelsetenesta sin viktigaste funksjon er å støtte opp under det kommunale tilbodet med spesialiserte tenester.

Kommunen har ei stor utfordring med å ivareta grunnleggjande og ulike behov til personar med alvorlege psykiske lidingar. Krava til det psykiske helsearbeidet er at tenestetilboden skal opplevast målretta, heilskapleg og koordinert i eit godt familiø som sikrar kvalitet og meinung for brukar og tenesteytar. Tilboden skal hovudsakleg vera i brukaren sitt nærmiljø, i tråd med lågaste effektive omsorgsnivå.

Brukaren skal sikrast respekt som individ og gruppe, og psykisk helsearbeid skal ha basis i eit felles verdigrunnlag. Brukaren skal sikrast kontinuitet, stabile relasjonar og færrest mogleg tenesteytarar å halda seg til. Kommunen skal sikre at personar med behov for bistand får hjelp, at dei får hjelp i tråd med forskrifter, rettar og lovar, og at hjelpa blir gjort kjent i organisasjonen og hjå innbyggjarane.

I "Strategiplanen for barn og unge si psykiske helse" er både det førebyggjande og det helsefremjande perspektivet sterkt vektlagt. Det blir lagt vekt på å styrka barn og unge sine eigne ressursar og evne til sjølv å meistra utfordringane i livet. Det er sett fokus på kor viktig nærmiljøet er for barn og unge si psykiske helse og tiltak for å fremja toleranse i samfunnet. Aktuelle strategiar kan vera å auka kunnskap om psykisk helse, tydeleggjera vaksne sitt ansvar og hindra stigmatisering og utestenging.

Strategiplanen legg og vekt på å sikra barn, unge og familiarer eit meir heilskapeleg tenestetilbod som er tilpassa deira behov. Det betyr at familien sin samla livssituasjon skal takast med som ein grunnleggjande premiss når tiltak og tilbod skal utformast. Det skal sikrast at nødvendig hjelp blir gitt på eit tidlegast mogeleg tidspunkt.

## 2.2. Organisering

Kort om dei ulike tenestetilboda i kommunen innafor psykisk helsearbeid: Ulike kommunale tenestetilbod yt, i varierande mengd, verdifull psykisk helsehjelp til mange av sine brukarar. Dette er heilt i tråd med optrapplingsplanen. Personar med psykiske lidingar eller psykisk uhelse har rett til ulike kommunale tilbod på lik linje med andre innbyggjarar. Psykisk helsehjelp blir gitt som ein del av det ordinære hjelpetilbodet frå ulike tenester i kommunen til personar med psykisk uhelse, som av ulike grunnar nyttar deira tenester. Til dømes kan ein nemne helsestasjon, skulehelseteneste, sosialteneste, barnevernsteneste, heimesjukepleie, heimehjelp, PPT, servicetorg, legekontor, kultur, barnehage, skule, vaksenopplæring og Grøn omsorg.

Kommunen har i tillegg valt å organisere ei særskilt teneste for å ivareta målretta psykisk helsearbeid etter optrapplingsplanen sine prinsipp. Psykisk helsevern

skal først og fremst inn i biletet når det er behov for meir målretta psykisk helsearbeid.

## **Alle brukarar**

### **Servicetorget**

Gir informasjon til bebruarane i kommunen om kva slags tenester og ytingar det offentlige gjev.

### **Legekontoret**

Legane har tett oppfølging av sine pasientar gjennom individuelle samtaler, medikamentell behandling og vidare hendvisning til 2.linjetenesten ved behov. Vaktordning sikrar at tenesta er tilgjengelig for brukarane 24 timer i døgnet.

### **Heimesjukepleie**

Heimesjukepleie er ei døgnkontinuerleg teneste som gir hjelp og rettleiing til heimebuande brukarar som treng hjelp til for eksempel medisinhandtering. Det må søkast om tenesta. Søknad om hjelp kan koma frå personen sjølv, familie, lege eller sjukehus. Her vil ein i samråd med søker koma fram til nødvendige tiltak basert på den einskilde sin situasjon.

### **Heimehjelp**

Brukarar som ikkje kan ta omsorg for seg sjølv eller som er heilt avhengig av hjelp for å greia gjaremåla i dagleglivet kan få tenesta. Dette kan til dømes vera opplæring/rettleiing eller hjelp til personleg hygiene og reinhald. Det må søkast om tenesta. Søknad om hjelp kan koma frå personen sjølv, familie, lege eller sjukehus. Når omsorgsavdelinga har motteke søknaden vert det gjort ein avtale med søker om eit besøk i heimen. Her vil ein i samråd med søker koma fram til nødvendige tiltak basert på den einskilde sin situasjon.

Det vert kravd eigenbetaling for praktisk bistand og opplæring (heimehjelp).

Betaling skjer etter betalingsevne, satsane vert vedtekne årleg av kommunestyret.

### **Grøn omsorg**

Dette er førebels ikkje eit fullt tilbod i Gol kommune, berre deltenester. Grøn omsorg er meint som eit tilbod til born og vaksne med ulike problemstillingar. Tilboden skal vere eit alternativ til m.a. Vinn og Arbeidssenteret. Det er 4 personar som får nokre timer i veka av gardbrukar som tilbyr Grøne omsorgs-tjenester til kommunen.

### **Sosialtenesta**

samarbeider tett med kommunelegekontoret, psykisk helsevern og omsorgsavdelinga. Gir generell råd og veiledning. Sosialtenesta samarbeider med NAV trygd og NAV arbeid om avklaring vedrørande arbeid, aktivitet, attføring og rehabilitering. Sosialtenesta har saman med helstenesta ansvaret for henvisning til behandling for rusmisbrukarar og oppfølgjing. Sosialtenesta har tilbod om økonomisk rådgivning og gjeldsrådgivning og behandlar søker om økonomisk sosialhjelp etter kap. 5 i lov om sosiale tenester.

### **PPT**

PPT skal gi hjelp til heim, barnehage og skole for å legge til rette for barn, unge og vaksne med særskilte opplæringsbehov.

- store lærevansker/fagvansker
- syns/hørselshemmning
- språk/kommunikasjonsvansker
- atferds/samspelsvansker
- forsiktig utvikling/skjevutvikling
- sykdom/funksjonshemmning som krever spesiell tilrettelegging.

## **OT**

Oppfølgingstjenesten (OT) skal gi råd og veiledning til ungdom mellom 16 - 21 år.

- som ikke har søkt eller tatt imot elev- eller lærepllass
- som avbryter slik opplæring
- som ikke er i arbeid

## **FRISKLIV**

Kommunen satsar på førebygging og folkehelse. Det er strategisatsing innan fysisk aktivitet, kosthold, røykeslutt og psykisk helse. Tiltak er mellom anna [II@skolen](#), trening på resept, utvikling av helsefremmende arbeidsplassar, røykesluttkurs, helsesamtaler, kosttelleingskurs, fysisk aktivitet i vaksenopplæring for framandspråklege, seniorsamling for kommunalt tilsette 55+, samarbeid med frivillige organisasjonar, idrettslaget, Fretex, Vinn og NAV.

Prosjektet blir avslutta 1.1.2008. Gol kommune må ta standpunkt til om Friskliv skal vidareførast etter 2007.

## **KULTUR**

### Ledsagerbevis

som gir funksjonshemma som er avhengig av ledsager for å ta del i fritids- og kulturarrangement/-aktivitetar hove til å ta med seg ein ledsager utan å betale for denne personen.

Innehavaren av ledsagerbeviset kan bruke dette i Gol kommune ved alle kommunale kultur- og fritidsarrangement/-tiltak og ein rekke andre arrangement i regi av andre.

Det er på kulturbudsjettet er avsett øyremerka midlar til rusførebyggjande tiltak, samt øyremerka midlar til tiltak for grupper med spesielle behov.

## **Vaksne brukarar:**

### **Psykisk helsevern**

Psykisk helsevern vart oppretta som ei eiga eining i 1999 og er organisert i helseavdelinga både administrativt og fagleg. Miljøarbeidartenesta vart flytta frå omsorgsavdelinga til psykisk helsevern i Valdresvegen frå 01.01.07. Målet med å organisera tenesta slik er at me treng ei felles adresse som er enkel for alle å finna fram til. Tenesta skal ivareta heilskapen, ikkje berre den som er tenestebrukar. Psykisk helsevern arbeider med alt frå folkeopplysning og førebygging til koordinering av tenester med tett oppfølging av kvar einskild brukar gjennom kliniske samtaler. Angst, depresjon, livskrise, akutt krise, sjølvmordsfare, alvorleg og kronisk psykisk lidning er nokre av problemstillingane som kan vera aktuelle hjå brukarar av tenesta. Høgskuleutdanna personell med

videreutdanning i psykisk helsearbeid og anna relevant videreutdanning, ein nyttar både heimebesøk, poliklinisk verksemد og oppfølging i nettverket som arbeidsfelt. Tenesta arbeidar for individuell brukarmedverknad og har også samarbeid med brukaren sine pårørande, fastlege, kommunale- og statlege tenester etter avtale med brukaren. Nære samarbeidspartnerar til Psykisk helsevern er heimesjukepleia, heimehjelp, sosial/rus, fastleggar og andre kommunale - og statlege tenester. I kommunen sikrar dette eit fagmiljø som me ser på som naudsynt og svært viktig. Psykisk helsevern har tilbod om kliniske samtaler i ordinær kontortid, samt miljøarbeid på dag - og kveldstid.

Hovudarbeidsområde til psykisk helsevern er :

- Individuell oppfølging / samtalar
- Gruppe- og nettverksarbeid
- Koordinering av tiltak retta mot voksne
- Miljøarbeidarteneste
- Bustad med oppfølging frå år 2007
- Forebygging og folkeopplysning

#### Individuell oppfølging / samtalar:

Målretta arbeid gjennom kliniske samtaler for å skape eigen mestring, sjølinnsikt og bedre livskvalitet for kvar einskild brukar. Ein arbeidar med utredning, behandling, rehabilitering, støtte og oppfølging gjennom jevnlige samtaler over tid eller i kortare tidsrom. Veiledning og kunnskapsformidling er og viktige element i arbeidet.

#### Gruppe- og nettverksarbeid:

Psykisk helsevern har ulike tiltak innan dag- og gruppertilbud med tanke om å skape sosialisering, aktivitet og nettverk for deltakarane. Ellers har dei og ulike turar/arrangement gjennom året.

#### Koordinering av tiltak retta mot voksne:

Gol kommune har innbyggjarar som nyttar seg av mange tenestetilbod frå ulike etatar innan kommune og stat. Her har psykisk helsevern ei viktig rolle som koordinator for dei ulike tenestene gjennom oppfølging av ansvarsgruppemøter, samarbeidsmøter, miljøarbeid og andre ulike tiltak.

#### Miljøarbeidarteneste:

Miljøarbeiderene arbeider saman med brukerene om botrening og oppfølging av ADL (aktiviteter i dagliglivet), trening i å kunne mestre ordinær døgnrytme, personlig hygiene, renhold, husarbeid, ernæring, handling, økonomi m.m. For mange brukarar er det vanskeleg å ivareta desse behova og miljøarbeidartenesta gir derfor tett oppfølging i heimen. Dei kører og mange av brukarane rundt til ulike aktivitetar og tenester. Miljøarbeidarane yt tenester på dag og kveldstid heile veka, inkludert helg, ut frå den enkelte brukar sine behov.

#### Bustad med oppfølging frå år 2007:

Omsorgsbustader har vore planlagt sidan 1999. 12.12.06 vedtok kommunestyret å ta i bruk Furuvegen med plass til 8 bebuarar. Bebuarane som i dag ellers bur heime eller i andre husvære vil her få oppfølging og hjelpe til å leva eit verdig og meiningsfullt liv. Det vil og bli vektlagt bruk av fellesareal til ulike aktivitar for bebuarane og andre.

### Forebygging og folkeopplysning:

Ut over direkte brukarretta arbeid driv psykisk helsevern med opplysningsarbeid, undervisning og rettleiing inn i organisasjonen Gol kommune, hjå samarbeidspartnarar og hjå innbyggjarane.

### Vaksenopplæringa:

Rett til grunnskuleopplæring for vaksne.

Personar med psykiske vanskar kan ha rett til opplæring anten vanleg grunnskuleopplæring ("ungdomsskule") eller spesialundervisning.

### Opplæringslova § 4A-1 ("Ungdomsskule")

Dei som er over opplæringspliktig alder, og som treng grunnskuleopplæring, har rett til slik opplæring. Retten til opplæring omfattar til vanleg dei faga ein treng for å få vitnemål for fullført grunnskuleopplæring for vaksne. Opplæringa og undervisningsmateriellet er gratis. Fag: Norsk, engelsk, matematikk, KRL (Kristendom med religion og livssynsfag), natur- og miljøfag og samfunnsfag. Ein kan ta eitt eller fleire av desse faga. For å få fullført grunnskuleeksamen, må ein ta norsk, engelsk, matematikk og to av dei andre faga. Undervisninga blir gitt i små grupper. Ein fylgjer fagplanane for grunnskuleopplæring tilpassa vaksne.

### Spesialpedagogisk undervisningstilbod. Opplæringslova § 4A-2

Vaksne som ikkje har eller ikkje kan få tilfredstillande utbytte av det ordinære opplæringsstilboden for vaksne, har rett til spesialundervisning. Vaksne som har særlege behov for opplæring for å kunne utvikle eller halde vedlike grunnleggjande dugleik, har rett til slik opplæring. Opplæringa og undervisningsmateriellet er gratis.

Det kan vera ulike grunnar til at ein har behov for spesialundervising:

- \* Afasi
- \* Dysleksi
- \* Lærevanskar
- \* Manglande grunnskuletilbod i ungdommen
- \* Annan sjukdom eller skade

Dersom ein har særskilde behov for tilrettelagt undervisning, kan ein søkje kommunen om dette, anten det er snakk om opplæring i kunnskap ein har "mista", eller det er snakk om nyinnlæring. Ein vil då få einetimar, eller undervisning i små grupper. Undervisninga kan omfatte alt frå grunnleggjande lese- og skriveopplæring til læring om personleg økonomi og butrenning. Med bakgrunn i sakkunnig vurdering av PPT i kommunen, vil det bli gjort enkeltvedtak om opplæring. Det blir utarbeidd individuell opplæringsplan for kvar elev.

## **Born og unge**

### Tiltak retta mot barn/ unge

#### **Helsestasjon**

Helsestasjon kjem i kontakt med alle barn og unge. Dei arbeidar med førebygging, behandling, oppfølging og rehabilitering av barn og unge. Dette skjer i nært samarbeid med dei andre aktuelle instansane som barnevern, og med foreldre, skular, PPT og statlege tenester. Det er stort behov for å auka og vidareutvikla tenesta til barn og unge. Barn av føresette som har psykiske lidningar har særleg fokus. I samarbeid med foreldra blir det gitt tilbod om samtalar med barna. Helsestasjonen har ekstra fokus på å avdekka nybakte mødre med

depresjon, då ein veit at dette kan påverka samspelet med barnet. I disse familiene gir helsestasjonen ekstra oppfølging.

#### **Skuler:**

I barneskule og ungdomsskule er det fokus på å utvikle gode miljø med fokus på barna sine sterke sider. Tilbod om mat om morgonen for dei som ikkje har ete før dei kjem på skulen. Vatn og frukttilbod. Fokus på alternativ undervisning til dei som ikkje gjer nytte av ordinær undervisning.

#### **Barnevernsteneste**

Barnevernstenesta tek i mot bekymringsmeldingar vedrørande omsorgssituasjon til barnet. Alle instansar har meldeplikt til barnevernstenesta og barnevernstenesta har ansvar for å undersøke dei forholda som er meldt og foreslå tiltak. Dei fleste tiltak er frivillige, men nokon gonger må barnevernstenesta også plassere barn i fosterheim/institusjon mot foreldra si vilje. Ulike frivillige tiltak kan være besøksheim for barna, støttekontakt, tilsyn i heimen, barnehage/sfo, ansvarsgrupper, fritidsaktivitetar, råd og veiledning. Barnevernstenesta i Gol har ein tiltakskonsulent som kan gi råd og veiledning til familiar som føler dei treng hjelp med for eksempel kommunikasjon, grenser og struktur i kvardagen. Tiltakskonsulenten kan jobbe både dag og ettermiddag.

#### **Barnehage**

Fokus på å utvikle gode miljø i barnehagane. Ha generelt fokus på barna sine sterke sider

#### **Ungdomsklubb**

Ungdomsklubben, Klubb 1, er eit rusfritt fritidstilbod til aldersgruppa 13-18 år. Ungdomsklubben skal legge særleg vekt på å nå barn/unge som av ulike grunnar ikkje nyttegjer seg eller tek del i det tradisjonelle kultur- og fritidstilbodet, og barn/unge som treng spesiell støtte i fritida. Klubben skal utfylle og skape breidde i dei fritidstilbod som elles finst i lokalmiljøet, og prøve å trekke inn kulturarrangement, aktivitetar og organisasjonar utanfrå i verksemda si. Klubben si verksemnd tek sikte på å gje medlemmane reell moglegheit til sjølve å delta aktivt i drifta av klubben ("deltakarstyring"), utforming av aktivitetar og program

### **2.3. Den aktuelle situasjonen og framtidige behov.**

I rettleiaren frå sosial og helsedirektoratet står det at omlag 20 % av befolkninga slit til ei kvar tid og at 1/3 del av befolkninga vil trenge hjelp på eit eller anna tidspunkt.

For Gol med 4404 (per 1.1.06) innbyggjarar vil dette bety at om lag 1100 av desse i løpet av det siste året har slite med psykisk uhelse. Kommunen har ansvar for å gi innbyggjarane tilfredsstilande tilbod om helsehjelp. Hjelp mot psykisk uhelse kan ein finne ulike stader, til dømes i nettverket, berre ein del vil trenge målretta psykisk helsehjelp frå fagpersonar.

I 2005 hadde psykisk helsevern 126 brukarar, 68 av dei var nye av året. Talet har stege til 144 brukarar i 2006, derav 72 nye. 38 av dei 144 er barn/unge og av desse er 29 nye av året. Ved ein del av desse brukarkontaktane har ein også kontakt med brukarane sin familie og nettverk. Det er stor variasjon i behandling, tidsbruk og oppfølging av dei ulike brukarane. Nokon får oppfølging over lang tid, medan andre (eksempelvis ved livskriser) føler dei har gjenvunne kontrollen over sin psykiske helsetilstand etter få samtaler.

Psykisk helsevern mottek stadig nye hendvendingar om tenester, ofte via fastlege, Distrikt psykiatrisk senter (DPS), samarbeidspartnarar i kommunen eller direkte frå brukarar og deira pårørande. Helsestasjonen får mange hendvendingar vedrørande barn og unge frå skular/ barnehage. Det kan synast som om problemstillingane for mange har auka i omfang og er svært komplekse. Det er også eit auka behov for tenester til personar som har dobbeltdiagnoseproblematikk. Mange familiarer har samhandlingsproblem som gjer at dei har behov for omfattande tenester. Det blir ei utfordring å auka kompetansen til dei tilsette på desse områda. Innan tenesta i dag har ein stor grad av formell og reell kompetanse.

På grunn av stor etterspurnad etter psykisk helseteneste frå brukarar med komplekse problemstillingar, brukarar som treng oppfølging i heimen og krevjande utfordringar i arbeidssituasjonen er det i dag stort press på tenesta. Det vil vere naudsynt å auke kapasiteten frametter med høgskuleutdanna personell med relevant vidareutdanning. I tillegg til auka behov innan individuell oppfølging er det behov for å vidareutvikla gruppetilbod og dagaktivitetar.

## **2.4. Øyremerka tilskott**

Det er understreka frå statleg hald at øyremerka tilskott skal koma i tillegg til eksisterande midlar og ikkje erstatte kommunal eigenfinansiering av tiltak og stillingar på området.

Det er tre vilkår som er avgjerande for å få utbetalt tilskottet; minimum 20 % av midlane skal nyttast til tiltak for barn og unge, brukarmedverknad skal dokumenterast og del- finansierast og tilskottet i heilskap skal gå til dokumentert målretta psykisk helsearbeid etter opptrapningsplanen sine prinsipp.

Kommunen har frå 1995 fått øyremerka statlege midlar til psykisk helsearbeid. Det vil bli ein gradvis auke i dei øyremerka midlane i tida fram til 2008, tilskottet i 2007 er kr 3 002 000,-.

Pr. 2006 var det oppretta 5,80 stillingar med øyremerka midlar.

Pr 01.01.07 har vi dette:

### **Psykisk helsevern**

- 100% stilling psykiatrisk koordinator
- 50% + 70% stilling som psykiatrisk sjukepleiar
- 4 x 75 % og 1 x 50% stilling som miljøarbeidar

### **Helsestasjonen:**

- 15% stilling som helsesøster
- 50% stilling som psykiatrisk sjukepleier
- 50 % stilling i Friskliv

I tillegg til desse stillingane har midlane blitt nytta til støttekontaktar, kjøp av Grøn omsorgs-tjenester, Friskliv, driftstiltak, brukarmedverknad, tariff-festa tillegg m.m. i tråd med føringane i psykiatriplanen 2004 -2006.

Bruk av stillingar og ressursar av øyremerka tilskott og kommunale midlar blir vurdert og evaluert med jamne mellomrom for å sikre optimal bruk av ressursane.

## **2.5. Kommunalt finansiert tilbod**

Kommunen har finansiert i tillegg til midlane i opptrapningsplanen ein Fritidsleiar er tilsett i Kulturavdelinga. Barnevernet har i 2006 tilsett ein tiltakskonsulent, i tillegg finansierer barnevernet i nokon tilfeller barnehage/SFO/avlastningstilbod til barn av foreldre som slit psykisk. Omsorgsavdelinga har ein rekke tenester, så som heimehjelp, medisinadministrasjon, hjelp til dusjing, tilsyn m.m.

Vaksenopplæringa sitt tilbod blir nytta også i stor grad av brukarane. Kommunen dekker og arbeidspraksis i skjerma bedrift m.m.

Det er vanskeleg å vurdere eksakte beløp på kommunalt finansiert tilbod sidan tenestene flyt over i kvarandre, det er gråsoner i mål og definisjonar. Det er likevel forsøkt å stipulere beløp.

## **2.6. Samansette problem**

Når brukarar har ei alvorleg psykisk liding i tillegg til ein annan sjukdom fører det til at dei er ekstra sårbar, det kan bli auka liding og det kan bli krevjande oppfølging. Mange har i slike situasjonar hjelp av individuelle planar, ansvarsgrupper og godt tverrfagleg samarbeid. Samansett sjukdomsbilete/ dobbeldiagnose kan vere psykisk liding/somatisk sjukdom, psykisk utviklingshemming/psykiatri, alderspsykiatri eller psykisk liding og rus.

Det er behov for meir ressursar for å jobbe miljøterapeutisk i høve til oppfølging av personar med samansette problem. Kommunen har ei utfordring i å møte desse brukarane med tilfredsstillande helsehjelp. Personar med alvorlige psykiske lidinger og omfattande rusmisbruk slit ofte med mange og samansette problem. Erfaringane viser at denne gruppa fell utanfor tiltak retta mot rusmisbrukarar, det psykiske helsevernet eller andre kommunale tenester. Kommunen har ansvar for å yte sosiale tenester, allmenne helsetenester, pleie og omsorg og for å framskaffe husvære for denne målgruppa. Personellressursane må aukast og styrast mot denne gruppa brukarar.

## **2.7. Samarbeid**

Psykisk helseteneste har eit omfattande tverrfagleg samarbeid med fastlegar, kommunale, fylkeskommunale og statlege tenester. Psykisk helseteneste er representert i ansvarsgruppemøter. Tenesta har eit utstrekkt samarbeid med Hallingdal sjukestugu - Ringerike DPS og BUP (barne- og ungdomspsykiatrisk). Kommunen har forpliktande samarbeidsavtalar med desse einingane.

Hovudkontakten kallar inn, leiar og skriv referat frå desse møta. Ser til at det skjer kunnskapsoverføring mellom gruppene.

Ansvarsgruppearbeid er ein metode for å samla dei fagpersonane som er viktige i lag med den brukaren/ familien som treng hjelp. Dette skal sikra reell brukarmedverknad og koordinering av tilboden. Det er naudsynt å vidareutvikla denne metoden både i høve til kva rollar ein har i gruppa, fokus på relasjonen mellom brukar og koordinator, klarare elevfokus der skulen er inne i gruppa, oftare vurdera basisgrupper i staden for ansvarsgrupper og heller kalla inn fleire personar ved behov.

Nokon av brukarane har behandlingstilbud ved poliklinikken på Hallingdal sjukestugu. I samband med innleggelse, utskriving eller ettervern kjem det i blant spesialistar eller pleiepersonell i psykiatri fra sjukehuset Buskerud og Ringerike. Ordninga betrar og forståinga, kommunikasjonen og koordineringa mellom 1. og 2. linjetenesta. Brukarane slepp i tillegg ei lang reise. Dette samarbeidet bør og utviklast til å omfatta rettleiring av personell i den kommunale tenesta.

Alle som har rett til det skal tilbys individuell plan. Systema rundt dette er utvikla, men det er behov for å styrka dette feltet framover. Det er inngått forpliktande avtalar med helseføretaket om individuell plan. Det er starta eit omfattande arbeid med å inngå avtalar om inn-og utskriving, kompetanseutvikling og brukarmedverknad mellom helseføretaket og alle omkringliggande kommunar. Det er i 2006 skrive avtale mellom kommunane i Hallingdal og Ringerike sjukehus med forpliktande samarbeid.

## **2.8. Krisepsykiatrisk samarbeid**

Krisehandtering er eit viktig område i psykisk helsearbeid. Med krisa tenker vi i denne samanheng ikkje berre på dramatiske hendingar som rammar mange. Her blir kriser definert som situasjonar som enkelpersonar, familiær eller nettverk opplever som kritisk for seg, og der dei vanlege meistringsstrategiane ikkje strekk til. Tilgjenge til adekvat hjelpe er eit hovudpoeng i krisehandtering. Det må vera mogeleg å få tak i hjelpe når ein treng det uansett tidspunkt. Legevaktordninga sikrar tilgang til hjelpe 24 timer i døgnet. Ved akutt behov hendviser dei brukarane vidare til 2.linjetenesten.

Gol kommune har ein eige plan for krise- og sorgberedskap. Det er og danna eit eige sorg- og kriseteam beståande av lege, lensmann, prest, ein representant frå psykisk helsevern, sosialkontoret og PP- tenesta for å kunne komme raskt til hjelpe ved ufôrutsette hendingar som ulykker, sjølvmord med meir.

Krisepsykiatrisk samarbeid skal vere eit samarbeid mellom tenester i ein akutt krisesituasjon der det er naudsynt at fleire tenester er engasjerte samstundes for å avhjelpe krisa. Det er naudsynt med tett samarbeid på tvers av fastlege/ legevakt, fagtenester og andre aktuelle instansar. Kommunen har vedtekne retningsliner for det krisepsykiatriske tilbodet i 2006.

# **3. Overgripande tiltak**

## **3.1. Brukarmedverknad**

Brukarmedverknad byggjer på at brukaren har kompetanse og ressursar, og veit ein del om kva som hjelper. Når ein inviterer til auka brukarmedverknad er det ein føresetnad at ein er endringsvillig. Kommunen er forplikta til å samarbeida med einskildbrukarar og organisasjonar for å finne eigna verkemiddel som kan auke brukarkompetansen. Brukarmedverknad skal vera ein integrert del av alt psykisk helsearbeid og ein skal arbeide for at brukarane medverkar på alle nivå.

Brukarmedverknad har ein på tre nivå:

- Individnivå
- Gruppenivå
- Systemnivå

**Individnivå:** Den viktigaste arenaen for brukarmedverknad er i møtet mellom brukaren og tenesteytaren. Det er i dialogen og samhandlinga dei i mellom at innhaldet i ordet brukarmedverknad kan bli realisert. Det er derfor viktig at alle som skal yta tenester har fokus på dette og legg vekt på å bruka metodar / legg tilhøva til rette for at reell brukarmedverknad kan skje.

Arbeidet med individuell plan er kome godt i gong i kommunen. Kommunen har utarbeidd individuell- plan verkty. Kvar brukar som har omfattande tenester har rett på ein individuell plan. Individuell plan kan vere eit godt verkty i arbeidet med å finne nytig og høveleg hjelpe for den einskilde. Det er omfattande og tidkrevjande å utarbeida gode individuelle planar.

**Gruppenivå:** Psykisk helsevern har treff på onsdag og torsdag formiddag, og laurdag ettermiddag/kveld for personar med psykiske lidingar. Brukarane likar seg godt i desse fora og dei bidreg med forslag til aktivitetar. Når brukarane og tenesteytarane har god kommunikasjon og god informasjonsflyt, er det eit godt grunnlag for reell brukarmedverknad.

**Systemnivå:** I desse dagar prøver Mental Helse å etablere seg i kommunen igjen etter å ha ligge nede nokre år. Det er planlagt å ha faste møter mellom desse to partane både for å planlegga drifta og for å ivareta brukarmedverknad.

Kommunane er pålagde å utarbeide eit system for å hente inn brukarerfaringar frå menneske med psykiske lidingar. Dette er eit av krava for å få utbetalt øyremerka midlar til psykisk helsearbeid. Gol har det siste åra nytta brukarundersøking for å henta inn brukarerfaringar. Ein vil vurdera om andre undersøkingar kan vera meir tenlege i høve til denne brukargruppa.

Nettsidene er vidareutvikla og skal gje god informasjon om psykisk helse i Gol. Kommunen har vore medlem i "Nettungen", men dette vart sagt opp fordi sidene var lite besøkt.

Kommunen må utarbeida rutinar for brukarmedverknad i det kommunale planarbeidet. Rettleiaren legg vekt på at ein må oppretta møteplassar mellom brukarorganisasjonar og avgjerdstakrar. Brukarmedverknad på tenestenivå må også ha fokus. Det er eit mål å oppretta brukarråd i 2007. Kommunen bør i tillegg til dette få ein kontaktperson som skal syta for at kommunikasjon og informasjon mellom kommunen og interesseorganisasjonane fungerer godt.

Økonomisk støtte til brukar- og pårørandeorganisasjonar har vore systematisert i fleire år og er eit krav frå Rettleiaren. Støtte til interesseorganisasjonar er ein føresetnad for å få øyremerka tilskott. Det vert sett av kr 5000 til Mental Helse.

Markering av Verdensdagen for psykisk helse 10. oktober, har dei siste åra vore brukt i forhold til folkeopplysning om psykiske lidingar. Her har brukarane deltatt aktiv i markeringa.

### **3.2. Kompetansebehov**

Psykisk helsearbeid er eit fagfelt som krev utvida kompetanse på fleire felt. Rettleiaren for psykisk helsearbeid understrekar kompetansebehovet i dette arbeidet og at psykisk helsearbeid er det faglege grunnlaget som skal karakterisera tenestetilbodet i kommunane.

Rettleiaren vektlegg kompetanseheving, kunnskap og rettleiing som naudsynte element i arbeidet. For å imøtekomma faglege utfordringar, gje naudsynt kvalitet til brukarane og ivareta tilsette si helse er det naudsynt å setja av ressursar til rettleiing av tilsette.

Vi bør i handlingsplanen lage ei hovudmålsetjing at "brukarane og familiene deira skal vera sikra ein fagleg og yrkesetisk god kvalitet på tenestene som ytes". At alle tilsette innan psykisk helsevern bør ha vidareutdanning. Miljøarbeidarane bør få vidareutdanning innan psykisk helse, i dag er det ein av dei som har dette.

Kommunen prøver å få til rettleiing for gruppa av psykiatriske sjukepleiarar. Det er viktig å heva kompetansen innan rus, psykiatri, alderspsykiatri og psykisk utviklingshemming.

Eit aukande tal eldre gjer at Gol får fleire brukarar med kombinasjonar av demens, depresjon ol. Det tilseier at pleie- og omsorgstenesta må auka sin kompetanse på dette feltet. Det same gjeld sosialtenesta som opplever at brukarane har meir komplekse problemstillingar som rus og psykiske lidingar. Dei må og sikra kompetansen internt, og det bør regelmessig drøftast om behovet for ein psykiatrisk sjukepleier i omsorgsavdelinga. Den psykiske helsetenesta i kommunen er her ein samarbeidspart og skal bidra med spesialkompetanse når det trengs.

Når det gjeld barn og unge er det behov for å auka kompetansen i skule og barnehagar på tidleg oppdaging av psykiske vanskar. I barnehagen har ein stort fokus på trivsel; jf. Verdigrunnlaget for barnehagen, arbeider med sosial kompetanse, kjensler og antimobbing, barneskulen med prosjektet Sesam og i vidaregåande prosjektet VIP. Dette er eit arbeid vi har fokus på i dei tverrfaglege samarbeidsfora som er etablert. Barnevernet kjem og i kontakt med ein del familiar der ein eller fleire av foreldra har psykiske lidingar. I barnevernstenesta er det behov for auka kompetanse til å gjera gode omsorgsvurderinger spesielt i høve til familiar med små barn.

## 4. Særskilt om tiltak for vaksne

### 4.1. Bustad og tiltak

#### Bakgrunn

Mål: personar som på grunn av si psykiske liding treng hjelp til å skaffa seg bustad får eit egna bustadtilbod og nok bistand til å bu. Planlegging av bustader med naudsynt bistand til menneske med psykiske lidingar bør vere ein integrert del av planarbeidet i kommunen. Brukarmedverknad på systemnivå og i høve til tildeling av bustad er viktig for å få tenlege løysingar for brukarane.

#### Situasjon

Det har vore planlagt 4 leilegheiter på Svø i mange år. Kommunestyret vedtok i desember 2006 at 8 leilegheiter i Furuvegen gradvis kan bli omgjort til bustader for vanskelegstilte frå januar 2007.

I høve til personar som ikkje bur i omsorgsbustadane er behovet for oppfølgingstenester aukande, andre deler av kommunens tenestetilbod gir tilbod i monaleg omfang.

Vi har også personar som har dobbeldiagnose; rus og psykiatri. Desse brukarane slit med å skaffa seg og behalda bustaden. Sosialtenesta med si oppfølging av

rusmiddelmisbrukarane klarer ikkje denne oppfølginga åleine, og det er naudsynt med samarbeid på tvers. Det er etablert regelmessige, tverrfaglig drøftingar mellom tenesteområda sosial, rus og psykiatri. Også mellom psykiatri, sosialteneste og heimeteneste er det etablert godt tverrfagleg samarbeid. Vi har ennå utfordringar og må arbeida vidare med samarbeidsrutinar i høve til denne gruppa.

Eldre menneske med psykiske lidinger bør så langt som råd få tilpassa hjelp slik at dei kan bu lengst mogleg i eigen bustad, slik tilbodet vanlegvis er. Med dei mange eldre som Gol har, opplever me eit stadig aukande behov for tenester til personar som slit med alderspsykiatriske lidinger. Det tilseier at kompetansen må aukast på dette feltet både i pleie- og omsorgstenesta. Rettleiing og samarbeid er stikkord her.

Personale som arbeidar i psykisk helsearbeid står i sær utfordrande situasjonar og er ofte åleine i utøvinga. I psykisk helsearbeid må ein nytte seg sjølv som verktøy i relasjonen med brukaren. For at brukarane skal ha naudsynt kvalitet på tenesta og dei tilsette halde ut lenge i utfordrande jobbar trengst det regelmessig fagleg rettleiing for dei tilsette.

Det er viktig med påreknelege tenester som fungerer godt heile året. Ein vil derfor prioritera å setja av økonomiske midlar til å dekka inn vikarar i feriar og helger. Det er naudsynt med miljøarbeidar på jobb alle kveldar og helger i sommarferien.

Brukarane kan i dårlege periodar ha behov for tettare oppfølging enn det dei vanlegvis treng. Då kan det vera aktuelt med korttidsopphald i institusjon eller ekstra tenester i heimen.

Det er og familiarar som har vaksne barn med psykisk sjukdom buande hos seg. Dei treng til tider avlastning, for eksempel når dei reiser bort.

Ulike grupper blir oppretta når ein har tiltrekkeleg mange brukarar med same behov for terapi, t.d. for personar med sosial angst. Dette for å kunna gje eit tilbod til fleire personar og sikra betre kvalitet og ressursnytting. I mindre kommunar kan detta vera vanskeleg å få til og ein bør vurdera interkommunalt samarbeid.

## **4.2. Aktivitet og sysselsetting**

Mål: Personar som på grunn av si psykiske liding gis tilbod om aktivitetar som sikrar sosial tilknyting og fellesskap.

Kommunen har i større grad nytta NAV - arbeid sine tiltakslassar; spesielt VTA – plassane (varig tilrettelagt arbeid) på Vinn. Utfordringane ligg i å finna arbeidstrening til dei som berre klarer å arbeida få timer i veka. Andre ynskjer anna arbeid enn vaskeri, tekstil, tre eller vedproduksjon. Attføringsbedriftene i kommunen utarbeider for tida ulike nye tiltak der ein kan kjøpa plassar retta mot folk med psykiske lidinger med tanke på arbeid og aktivitet på ulike nivå. Ein kan og tenkje seg eit meir utstrakt bruk av tilrettelagt arbeid rundt om på ordinære arbeidslassar.

For å vidareutvikle tilbod til målgruppa og nytta kompetanse og kapasitet, vil det vera aktuelt å få eit tettare samarbeid med NAV - arbeid, Frivillighetssentralen og andre. Ein ynskjer også eit tettare samarbeid til lag og organisasjonar gjennom bl.a. "Fritid med bistand".

Treffa på psykisk helsevern er eit lågterskelttilbod for personar med psykiske lidingar. Det er ein kombinasjon av ein sosial møteplass og kreative aktivitetar, turar, trening mm. Det kan vera aktuelt å utvikla fleire gruppeaktivitetar, spesielt gjeld det for menn. Vidare ønskjer dei frivillige lag og organisasjonar å samarbeide meir, både med kvarandre og med kommunen. Vi ser at det vil vera eit stort potensiale å hente ut om vi tettar samarbeidet her.

Kommunen bør i tillegg vurdera behovet for "Grøn omsorg", og vidareutvikle det som så vidt er starta opp. Dette kan vera eit godt tilbod til fleire grupper. Det kan vera funksjonshemma, elevar som treng ein alternativ læringsarena, personar med psykisk sjukdom og andre.

## 5. Barn og unge

### 5.1. Bakgrunn

Psykiske vanskar og lidingar er aukande blant barn og unge. Forsking viser at 15-20 % av barn og ungdom har større eller mindre psykiske plager og lidingar. Ei god psykiske helse er eit viktig grunnlag for å mestre livet og utfordringane på ein god måte. Eit godt førebyggjande arbeid som fremjar og støttar opp under barn og unge si psykiske helse vil vera viktige element i planen.

Talet på personar i Gol mellom 0 og 20 år er 1058 pr. 1 juni 2006. Tal frå Barne- og Ungdomspsykiatrisk avdeling er ikkje tilgjenglege. Kor mange barn som har hatt kontakt i 2005, kor mange som var nyttilviste i 2006 og kor mange som var overførte frå året før. Terskelen for behandling i BUP er blitt høgare og ventetida lengre den seinare tida. Samstundes er behandlingslengda ofte kortvarig. BUP avgrensar sitt behandlingsansvar i eit stadig aukande tal av saker. Dei vil berre ha ansvar for brukarane med tyngst problematikk. Dette krev at kommunane i aukande grad har kompetanse og vilje til å gje desse barna ei tilfredsstilande behandling og oppfølging. Dette er til ei viss grad styrt utvikling og noko av bakrunnen for opptrappingsmidlane til kommunen. Gol kommune har generelt høg kompetanse i tenestene retta mot barn og unge. Slik sett ser vi at vi har høve til å utvikle gode rutinar for tilvisning og samarbeid med BUP. Vårt mål er å utvikle rutinar som sikrar at kommunen har gjort det vi kan gjøre før tilvisning, og berre dei sakene som skal tilvisast blir tilvist.

Nokre barn og unge er meir sårbare enn andre, det kan til dømes vere barn i familiar der foreldra har dårlig psykisk helse, rusproblem eller dårlig økonomi. Det kan og vera minoritetsspråklege, barn med lågt sjølvbilete, barn i rusmiljø og barn som lever med mobbing. Av kontaktane med barn/ unge kan ein sjå at mange slit grunna tilhøve i familiene som eksempelvis fysisk og psykisk sjukdom, sorg/krise, samspelsvanskar og skilsmisse. Å gi desse familiene oppfølging og støtte ut frå deira individuelle behov så tidleg som mogeleg, vil vera ein viktig målsetting. I dette arbeidet har helsestasjonen ei svært viktig rolle som knyter kontakt med mor gjennom svangerskapskontrollane og med familiene gjennom kontrollane i sped- og småbarnsalderen.

Familiekontoret har ei viktig rolle i høve til familiar med ulike belastningar. Dei samarbeider med det lokale hjelpeapparatet og har og gitt rettleiing til helsestasjonen og barnevernet i enkeltsaker.

For å møte særskilde behov hjå barn og unge treng ein høg kompetanse på fleire felt. I rapportar frå SINTEF blir førebygging, lågterskelttilbod og tverrfagleg

samarbeid understreka som viktige verkemiddel. Kommunen treng difor klare strategiar, god organisering og fagpersonar med allsidig og relevant kompetanse i psykisk helsearbeid for barn og unge.

## **5.2 Situasjon**

Det er mange yrkesgrupper som arbeidar med førebygging av psykiske vanskar og plager hjå barn og unge. Helsesøster, fysioterapeut, lærar, førskulelærar, barnevernspedagog og spesialpedagog, for å nemne nokre. Alle desse aktørane treng å samarbeide for å utnytte ressursane og utvide hjelpe tilbodet til barn og unge.

Det er fleire fageiningar i kommunen som arbeider med utgreiing, behandling og oppfølging i høve til barn og unge med psykososiale vanskar og psykiske lidingar. Før ein tilvising til BUP krev dei at kommunen har gjort utgreiing i høve til problematikken til barnet.

I den førre planen var det ei hovudmålsetjing "å styrka det førebyggjande arbeidet for barn og unge og familien rundt for å redusera omfanget av psykiske lidingar". Tiltak som trivselsreglar i skulen, antimobbprogram, samtaler om spiseforstyrringar er gjennomført. Det har vore behov for auka innsats i skulehelsearbeidet og dette har vore møtt med å tilsetja psykiatrisk sjukepleier i 50 % ved helsestasjonen.

Det vil vera tverrfagleg satsing på auke kompetansen om individuell plan.

Gjennom antimobbprogrammet er det forventningar om kompetanseheving for lærarar og at skulane skal følgja opp oppgåvene som ligg i programmet.

Helsestasjon for ungdom er eit viktig tilbod mellom anna i førebygging av psykososiale problem. Der møter ungdom ulike fagpersonar som lege, jordmor og ev. helsesøster.

## **5.3 Tiltak**

Sjølv med god ressursnytting og utstrekta tverrfagleg samarbeid, ser ein at arbeidet med å styrke barn og unge si psykiske helse må prioriterast frametter.

Skulehelseteneste, skule, barnehage og PP-tenesta er viktige arenaer for ei slik styrking. Kommunen har krav på seg om tilgjenge, lågterskeltilbod, oppfølging og kvalitet på tenestene til barn og unge som har begynnande eller utvikla psykisk sjukdom.

Skulehelsetenesta skal og fremje god psykisk helse blant barn og unge.

## 6. Økonomi

Generelle tiltak				Økonomiplan		
Tiltak	Teneste	Vedtatt budsjett 2007		2008	2009	2010
<b>1 INFORMASJON</b>	<b>Psy.ml</b>	<b>5</b>	<b>8</b>	<b>8</b>	<b>8</b>	<b>8</b>
Innkjøp av div.informasjonsmateriell	fleire	5	5	5	5	5
Gjennomføring av brukerundersøkingar		2415		4		4
Informasjonsmøter	fleire	7	7	7	7	7
<b>Sum totalt</b>		<b>17</b>	<b>24</b>	<b>20</b>	<b>24</b>	
<b>2 BRUKER-/PÅRØRANDE ORGANISASJONAR</b>	<b>Psy.ml</b>	<b>5</b>	<b>5</b>	<b>5</b>	<b>5</b>	<b>5</b>
Etablere rutiner for brukermedvirkning i kommunen	Fleire		3	3	3	3
Støtte til foreningen Mental helse		2415				
Bidra til å legge til rette for oppretting av lokale bruker/pårørende representanter - gjennom møteverksem med støtte frå foreninga Mental Helse		2415				
<b>Sum totalt</b>		<b>5</b>	<b>8</b>	<b>8</b>	<b>8</b>	
<b>3 KOMPETANSEHEVING OG REKRUTTERING</b>	<b>Psy.ml</b>	<b>55</b>	<b>55</b>	<b>55</b>	<b>55</b>	<b>55</b>
Kompetanseheving for personell som arbeider med mennesker med psykiske lidinger. Satsingsområder: rus,barn av psykisk sjuke foreldre, psykososialt arbeid blant flyktningar.	fleire	75	75	75	75	75
Veiledning psykiatrikoordinator, spykspl miljøarbeider		2415	15	15	15	15
Veiledning helsesøster		2322	30	15	15	15
Veiledning personell i pleie og omsorg		1201		20	20	20
Hospitering, jobbrotasjon	fleire					
Kompetanseheving for brukarar av psykiatritenesta, ekstern og intern opplæring/undervisning i forhold til eigen/ pårørandes sjukdom	fleire	10	10	10	10	10
<b>Sum totalt</b>		<b>130</b>	<b>135</b>	<b>135</b>	<b>135</b>	<b>135</b>
<b>4 KOMMUNALE TILRETTELAGTE BUSTADTILBOD (IKKJE OMSORGSBUSTADER)</b>	<b>Psy.ml</b>	<b>0</b>	<b>140</b>	<b>140</b>	<b>140</b>	<b>140</b>
Opprette tiltak i interkommunalt samarbeid						
<b>Sum totalt</b>		<b>0</b>	<b>140</b>	<b>140</b>	<b>140</b>	<b>140</b>
<b>5 KOMMUNALE TILRETTELAGTE BUSTADTILBOD OMSORGSBUSTADER</b>	<b>Psy.ml</b>	<b>150</b>	<b>150</b>	<b>150</b>	<b>150</b>	<b>150</b>
Furuvegen						
<b>Sum totalt</b>		<b>150</b>	<b>150</b>	<b>150</b>	<b>150</b>	<b>150</b>
<b>6 BISTAND I BUSTADER, BURETTLEIING, HEIMEBASERTE TENESTER OG MILJØARBEID</b>	<b>Psy.ml 2415</b>	<b>1122</b>	<b>1200</b>	<b>1200</b>	<b>1200</b>	<b>1200</b>

	Praktisk bistand i heimen, hos barnefamiliar eller andre med spesielle behov relatert til psykisk helse	2542/2543/	20	20	20	20
	Barnevern og tiltakskonsulent					
	<b>Sum totalt</b>		<b>1142</b>	<b>1220</b>	<b>1220</b>	<b>1220</b>
<b>7 AKTIVITETSTILBOD DAGSENTER, KULTUR-/FRITIDSTILBOD</b>	<b>Psy.ml</b>	<b>239</b>	<b>421</b>	<b>421</b>	<b>421</b>	<b>421</b>
Etablert drift dagssenter		2415				
miljørarbeiderstilling		2415	182	182	182	182
Friskliv 50 % stilling		2415	240	240	240	240
<b>Sum totalt</b>		<b>661</b>	<b>843</b>	<b>843</b>	<b>843</b>	<b>843</b>
<b>8 STØTTEKONTAKT FOR VAKSNE</b>	<b>Psy.ml</b>	<b>125</b>	<b>125</b>	<b>125</b>	<b>125</b>	<b>125</b>
Støttekontakt		2342	768	770	770	770
<b>Sum totalt</b>		<b>893</b>	<b>895</b>	<b>895</b>	<b>895</b>	<b>895</b>
<b>KOMMUNALE TILRETTELAGTE</b>						
<b>9 ARBEIDSPLASSAR/SYSSLESETTINGSTILTAK (Ikke Aetat)</b>	<b>Psy.ml</b>	<b>100</b>	<b>100</b>	<b>100</b>	<b>100</b>	<b>100</b>
Tilrettelagte arbeidsplassar for mennesker med psykiske lidinger Vinn og grøn omsorg		2542/2543	350	350	350	350
<b>Sum totalt</b>		<b>450</b>	<b>450</b>	<b>450</b>	<b>450</b>	<b>450</b>
<b>TILRETTELAGT BEHANDLINGSTILBOD, FAGLEG</b>						
<b>10 VEILEDNING, KOORDINERING/LEIING</b>	<b>Psy.ml</b>	<b>1271</b>	<b>1300</b>	<b>1300</b>	<b>1300</b>	<b>1300</b>
Psykatrikoordinatorstilling og psy.spl. tilbod om samtaler, oppfølging individuell plan/ ansvarsgrupper, veiledning	fleire	50	50	50	50	50
Legetenester		2411	28	28	28	28
Satsing innafor rus, strukturert ettervern og samarbeid med 2. og 3.linjetenesta	fleire	42	82	82	82	82
<b>Sum totalt</b>		<b>1391</b>	<b>1460</b>	<b>1460</b>	<b>1460</b>	<b>1460</b>
<b>11 HELSESTASJONS- OG SKOLEHELSETENESTE</b>	<b>Psy.ml</b>	<b>284</b>	<b>290</b>	<b>290</b>	<b>290</b>	<b>290</b>
Psykiatric sjukepleier helsestasjon, oppfølging av barn og unge med psykiske lidinger, individuell plan/ansvarsgrupper, veiledning						
Helsestasjon for ungdom		2326	12	12	12	12
MOT førebuingar, undervisning, etterutdanning to personar	Fleire	40	40	40	40	40
Forebyggande tiltak Sesam, ViP	Fleire	10	10	10	10	10
Gruppetilbod for småbarnsforeldre	Fleire	10	10	10	10	10
<b>Sum totalt</b>		<b>356</b>	<b>362</b>	<b>362</b>	<b>362</b>	<b>362</b>
<b>ANNA FOREBYGGANDE/PSYKOSOSIALT ARBEID, KULTUR-</b>						
<b>12/FRITIDSTILBOD FOR BARN OG UNGE</b>	<b>Psy.ml</b>	<b>44</b>	<b>44</b>	<b>44</b>	<b>44</b>	<b>44</b>
Friskliv		10	10	10	10	10
MOT-kontingent		36	40	40	40	40
Aktuelle forebyggande program i skolen		10	10	10	10	10
Forebyggingsprogram Sesam og VIP		10	10	10	10	10
Forbyggingstiltak i barnehagen		3	3	3	3	3
Forebyggande barneverntiltak i familiar -veiledning		10	10	10	10	10
Tilrettelagt skolekvardag med hjelp av IOP		20	20	20	20	20

Etablert tverrfagleg samarbeid forebyggande arbeid barn/unge		50	50	50	50
Sum totalt		193	197	197	197
<b>13 STØTTEKONTAKT FOR BARN OG UNGE</b>	<b>Psy.ml</b>	<b>68</b>	<b>82</b>	<b>82</b>	<b>82</b>
Støttekontakter					
Sum totalt		68	82	82	82
Sum disponert		5456	5966	5966	5966
<b>Tiltak</b>	<b>Vedtatt budsjett 2007</b>				
Sum disponert totalt		5456	5966	5966	5966
Herav øyremerka tilskot opptrappingsplanen		3414	3463		
Sum årsverk totalt		11,4	12,5	12,5	12,5
Herav årsverk finansiert gjennom øyremerka tilskot		7,2			

## 7. Nye tiltak

kr. 461.000.- i 2007 og nye kr.461.000.- i 2008:

			2007	2008	2009	2010
<b>Nye tiltak</b>	<b>Psy.ml.</b>	<b>461</b>	<b>461</b>			
Miljøarbeiderstilling		2415	260			
Friskliv 30 % stilling		2331	117			
Auke psyk.spl stilling frå 30 til 50 % stilling		2415	84			
Miljøarbeiderstilling sosialkontor				200		
Vikarmidler		2415		61		
Leasing bil		2415		100		
Grøn Omsorg (nye 100. i tillegg til 100).		2415		100		

## 8. Mål og tiltak

HOVUDMÅL

**Oppbygging og vidareutvikling av tenester med følgjande mål:**

- Medvirke til at menneske med psykiske problem/lidingar får nødvendige og tilpassa helse/sosiale tenester, som fremmer evna til å meistre eige liv og som medfører at dei i størst mogeleg grad kan få att god helse og livskvalitet. Medvirke til at dei får mest mogeleg normalt liv og får ivaretatt diverse behov på alle livets områder og får brukt sine ressursar. Dette betyr tildømes at dei får tilfredsstillende bustadsituasjon med tilstrekkelig bistand, får høve til å delta i samfunnslivet, får tilpassa arbeid eller meiningsfull aktivitet og høve til å delta i sosialt fellesskap.
- Tenestene skal ha tilfredsstillende kvalitet, planleggast/evaluerast/justerast i samråd med brukarane og ev.

pårørende og nettverk. Brukarane skal møtast med respekt. Personælet skal vera medvetne yrkesetiske retningslinjer og ivareta teieplikta.

- Perspektivet må flyttast frå diagnose til fokus på problem, funksjonssvikt, meistring og ta utgangspunkt i menneskets ibuande ressursar.
- Tenestene i Psykisk Helsevern skal være eit lågterskeltilbod. Det blir ikkje kravd henvisning, det er kort ventetid og det er ikkje inntaksstopp.
- Det skal jobbast førebyggjande på fleire plan. Prøve å redusere negative konsekvensar av psykiske lidinger. Det skal i tillegg rettast merksemd mot risikogrupper (særleg barn og unge) og sette inn tidlig intervasjon for å prøve å hindre utvikling av sjukdom. Dette for å unngå liding, men også for å redusere framtidige belastningar på tenester knytte til behandling og omsorg.
- Betre befolkningas psykiske helse generelt, spreie opplysning og bryte ned fordommar og tabu.

Hovudmål A	Delmål	Tiltak	Ansvar
<p><b>Førebygging.</b> Bidra til at barn utviklar eit godt og stabilt sjølvbilde som held når det møter diverse problem og utfordringar. Hindre at psykiske problem hos den enkelte eller pårørande hemmar utvikling, livsutfolding og livskvaliteten.</p>	<p>Arbeide for at barn og unge i Gol skal ha ei oppleving av auka psykisk velvære</p> <p>1. Sikre hjelpetilbod av god kvalitet på tvers av avdelingar og fag. Arbeide med å fange opp risikoutsette barn.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Svangerskapskontroll</li> <li>• Ordinære helsestasjonstenester</li> <li>• Psykiatrisk sjukepleier på Helsestasjonen</li> <li>• Skolehelseteneste med diverse opplysningsverksemder og førebyggande opplegg i dei forskjellige trinn + helsesøster/psykiatrisk sjukepleier lett tilgjengelig.</li> <li>• Helsestasjon for ungdom.</li> <li>• Tverrfaglege team på 3 nivå, drøfte førebyggjande tiltak. Arbeider med å få til "Utekontakt"</li> <li>• Opplæring av lærarar på å fange opp tidlige teikn (Hva er det med Monica).</li> <li>• Frisklivs-gruppe for ungdom</li> <li>• Samarbeid med idrettslag og andre frivillige organisasjonar.</li> <li>• Bruk av støttekontakt og ev. avlastning til barn av psykisk sjuke.</li> <li>• Utdanning av treningskontakt</li> <li>• Diverse førebyggande arbeid i barnehagane og skolane</li> <li>• Sikre tverrfagleg hjelpe til enkeltindivid i ansvarsgrupper.</li> <li>• Gjennomføre kompetanseheving på ansvarsgruppearbeid.</li> <li>• Utarbeiding av individuell plan for barn med samansette behov.</li> <li>• Styrke ungdomsklubben for å ivareta og følgje opp ungdom med spesielle behov</li> </ul>	
	<p>2. Utvikle gode miljø i barnehage og skole. Ha eit generelt fokus på barna sine sterke sider. Lærarane har også fokus på det sosiale miljøet.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• For skoleelevar med særskilde behov skal IOP i tillegg til vansken også legge vekt på elevane si styrke.</li> <li>• Alle barnehagar skal arbeide med trivsel: skape glede, tryggheit og fellesskap.</li> </ul>	

		<ul style="list-style-type: none"> <li>Utvikle alternativ til elevar som ikkje gjer seg nytte av ordinær undervisning. Til dømes gjennom prosjektet Grøn omsorg.</li> </ul>	
	3. Ha ein inkluderande skole der fellesskapet er prega av respekt og toleranse for kvarandre. Løyse konfliktar på lågaste nivå. Innverknad på eigen kvardag.	<ul style="list-style-type: none"> <li>Gjennomføre og utvikle SESAM i barneskolen.</li> <li>MOT i ungdomsskolen.</li> <li>VIP i vidaregåande skole.</li> </ul>	
	4. Arbeida aktivt for at barn og unge har eit normalt tilhøve til mat.	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tidleg intervasjon, individuell oppfølging.</li> <li>Informasjon i klassar.</li> <li>Fokusere på foreldra sitt ansvar tidleg.</li> </ul>	
	5. Helsepersonell, lærarar, idrettsleiarar og andre fagfolk skal ha kunnskap om tidelege symptom og oppfølging. Dette kan gjelde barn som opplever samlivsbrot, mobbing, dødsfall i nærmiljøet og sjukdom i familien.	<ul style="list-style-type: none"> <li>Temamøter med foreldre og lærarar.</li> <li>Informasjon om psykisk helse.</li> <li>Fokus på tidleg intervasjon og oppfølging.</li> </ul>	
	6. Ha tilbod for barn av foreldre med psykiske lidningar.	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tildelingsteam oppretta for tildeling av vedtak.</li> <li>Samarbeidsrutiner med DPS.</li> </ul>	
	7: Gi behandlingstilbod på kommunalt nivå til barn og unge med psykiske vanskar.	<ul style="list-style-type: none"> <li>Samtaler og oppfølging.</li> <li>Sikre gode rutiner for samarbeid mellom kommunen og spesialisthelsetenesta.</li> </ul>	

Hovudmål B	Delmål	Tiltak	Ansvar
Brukaren og familien skal vera sikra fagleg og yrkesetisk god kvalitet på tenestene.	1. Kommunen har best mogeleg kvalifisert personale til å koma i møte behova som er skissert i denne planen. At personalet kjenner seg trygge, kompetente og opplever å ha meiningsfull arbeidssituasjon.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Sikra rettleiing i enkeltsaker.</li> <li>• Tiltak er konkretisert i kompetanseutviklingsplanen i pleie og omsorgstenesta.</li> <li>• Auka kompetanse i alderspsykiatrien</li> </ul>	
	2. Auka kompetanse i psykososialt arbeid for barn og unge, og innan rus og psykiatri.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vidareutdanning.</li> <li>• Gjera nytte av kurs og etterutdanningsprogram frå høgskolane og spesialisthelsetenesta.</li> </ul>	
	3. Psykisk helseteneste skal tilby tenester av høgt fagleg og etisk kvalitet. Tenestene skal vera i samsvar med lover og forskrifter.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Sikre god dokumentasjon.</li> <li>• Personalet må halde seg oppdatert i forhold til lovverk samt veiledere og retningslinjer frå sentrale myndigheter.</li> <li>• Samarbeidsmøte og ansvarsgruppemøte.</li> <li>• Oppgåver/utfordringar som overstig personalets kompetanse må henvisast til 2. lineinstans eller be om veiledning.</li> <li>• Veiledning i enkeltsaker frå 2. linjetenesta og fastlegane.</li> <li>• Fagpersonar i Psykisk Helsevern gir veiledning til miljøarbeidarane, heimehjelp, sjukepleiarar med fleire ved behov</li> </ul>	
Hovudmål C	Delmål	Tiltak	Ansvar
Tenestene skal bidra til å fremja sjøvstende, tilhøyre og styrka evna til å meistre eige liv	1. Tilstrekkeleg, heilskapleg og målretta bistand til personar som treng hjelp eller støtte til å kunne bu i eigen bustad. Kjenner seg trygge og meistrar tilværet.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Støtte/hjelp til å ivareta behov som (hygiene, reinhald, matlagning, handling, økonomi, medisinæring m.m. )</li> <li>• Vurdere kontinuerlig tenesta i forhold til den enkelte bruker samt drøfter i samband med budsjettplanlegging om det er nok personalressursar til å i-møtekommbe behov.</li> <li>• Budsjettere vikarbruk ved sjukdom/ferie.</li> </ul>	
	2. Gi avlastning til pårørande som har psykisk	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Nytte korttidsophold.</li> <li>• Sette inn ekstra ressursar i heimen.</li> </ul>	

	sjuke i heimen.		
	<p>3. Gi adekvat hjelp til personar og familiarar i krise  At pårørandes behov for informasjon og veiledning blir ivaretatt (i den grad teieplikta tillet), samt at deira kunnskap og erfaringar blir nyttiggjort i planlegging av tiltak.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gode samarbeidsformer mellom dei ulike fagtenestene, som lege, politi, psykisk helseteneste, sosialteneste, barnevern.</li> <li>• Auka kapasitet i psykisk helseteneste til å gi individuell oppfølging.</li> <li>• Gruppetilbod for barn som opplever at foreldre skil lag.</li> <li>• Psykisk Helsevern er lokal kompetanseeining med låg terskel (treng ikkje henvisning, alle kan ta kontakt, kort ventetid, ikkje inntaksstopp).</li> <li>• Gode samarbeidsrutinar med alle instansar som kan komme i kontakt med menneske i målgruppa. (Veit om kvarandre si kompetanse og kan derfor dra inn riktig hjelp).</li> <li>• God kommunikasjon med politiske organ. Held utvalg for kultur og levekår orientert om våre utfordringar og behov.</li> <li>• Har sorg- og kriseteam.</li> <li>• Har kontaktperson ( Marianne J Fauske) med kompetanse i forhold til sjølvmordsforsøk.</li> <li>• Har Friskliv</li> <li>• Har flyktningkonsulent</li> <li>• Fokus på pårørande og særlig barn av psykisk sjuke</li> </ul> <p>Planer vidare:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Har rusmiddelkonsulent</li> </ul>	

	<p>4. Sikre hjelpetilbod av god kvalitet på tvers av avdelingar og fag.</p> <p>Hjelpe sosialavdelinga i utredning, planlegging og rehabilitering av menneske med rusproblem og samtidige psykiske problem/lidingar. Hjelpe til å ivareta pårørande og nettverk</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tverrfagleg samarbeid. Ansvarsgruppemøter. Utarbeiding av individuell plan for personar med samansette behov.</li> <li>• Legekontor: Kartlegging, utredning, behandling og henvisning vidare.</li> <li>• Sosialkontor: Kartlegging, støttesamtaler, tverrfaglig/tverretatlig samarbeid, økonomisk rådgiving, bustadformidling, sysselsettingstiltak, for- og ettervern ved innlegging i behandlingsinstitusjon</li> </ul>	
	<p>5. Arbeid, fritid, aktivitetar. Sosialt samvær, nettverk. Aktivisering og sysselsetting. Støttekontakt eller treningskontakt. Bidra til at menneske med psykiske problem/lidingar i størst mogeleg grad får utnytta sine ressursar i forhold til arbeid, aktivitet, utdanning/skole og sosial kompetanse, og det på ein slik måte at det styrker sjølvbildet og livskvaliteten</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Dag-tilbod/sosialt samvær og diverse arrangement i regi av Psykisk Helsevern.</li> <li>• Diverse gruppertilbod etter behov.</li> <li>• Vaksenopplæring tilbyr kartlegging og stimulering av faglige og sosiale ressursar. Dette kan være eit viktig bidrag i forhold til å oppleve meistring og meiningsfull innhald i kvardagen.</li> <li>• Støttekontakt/treningskontakt blir tildelt i team med koordinator for funksjonshemma, leder for sosialavdeling og psykiatrikoordinator</li> <li>• NAV-arbeid har forskjellig tiltak i forhold til rehabilitering tilbake til arbeidslivet.</li> <li>• Varig tilrettelagt arbeid på VENN eller FRETEX. Her trengs det fleire tilbod</li> <li>• Friskliv. Få fleire med i fysisk aktivitet</li> <li>• Betre samarbeid med Frivillighetssentralen, Idrettslaget og andre frivillige organisasjonar.</li> <li>• Grøn Omsorg er starta og bør utviklast</li> </ul>	

	<p><b>6. Bustad:</b> Bidra til at menneske med psykiske lidinger har bustadsituasjon der behov for trygging og hjelp/støtte er best mogeleg ivaretatt.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Dei som ikkje sjølv klarer å skaffe seg tilfredsstillende bustad kan få hjelp til det i kommunen.</li> <li>• Dei som har behov for miljøarbeidarteneste kan få det i forhold til butrenings- og oppfølging av ADL</li> <li>• Starte innflytting i Furuvegen 2007.</li> <li>• Miljøarbeidartenesta kjem til å vera til stades i så stor utstrekning det er mogeleg ut i frå tilgjengelege ressursar.</li> <li>• Vurdere behov for kvilande nattevakt i periodar.</li> </ul>	
	<p><b>7. Klinisk arbeid/behandling/koordinering.</b> At målgruppa får støtte og hjelp til å identifisere, forstå, bli kvitt eller lære å takle/leve med sine symptom og problem. At diverse tiltak er tilpasset brukaranes behov, blir bra koordinert og utføres på rett kompetansenivå. At spesialisthelsetenesta blir kopla inn når det er nødvendig. At alle som ynskjer det, får ein individuell plan</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Psykisk Helsevern har som hovedoppgåve å produsere og koordinere tiltak. (Sjå tidligare omtale av innhaldet i direkte arbeid med bruker).</li> <li>• Koordineringa føregår i hovudsak via samarbeids- og ansvarsgruppemøte, samt via utarbeiding av I-plan for dei som ynskjer det.</li> <li>• Det er som tidligare nemnt mange andre aktørar i kommunen som bidreg med behandling, rehabilitering og habilitering.</li> <li>• Tett samarbeid med fastlege og til tider 2. linetenesta. (HSS, Ringerike og Buskerud HF med fleire).</li> <li>• Store pågang av brukarar dei siste årene har ført til auke behov for ressursane til miljøarbeidar, men også høgskoleutdanna fagpersonell med vidareutdanning i psykisk helsearbeid.</li> </ul>	

Hovudmål D	Delmål	Tiltak	Ansvar
Brukarmedverknad	1. Sikre at brukarane og pårørande si innsikt , kunnskap og erfaringar blir brukt konstruktivt i planlegging, drift og evaluering av tenestene på individ- og systemnivå.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bruke ansvarsgruppemøter og samarbeidsmøter med brukarane til stades.</li> <li>• Alle som har behov for eller ynskjer får individuell plan.</li> <li>• Formidle kunnskap og informasjon, og prøve på den måten å stimulere brukaren til å ta aktiv ansvar for eige liv. Det har det siste året vore etablert samarbeid med fylkeslaget av Mental Helse. Det blir arbeidd med å etablere lokallag som samarbeidspartner i forhold til vidareutvikling av tenester, revisjon av planer m.m.</li> <li>• Brukarundersøking kvart 2.år. Bruke <a href="http://www.bedrekommune.no">www.bedrekommune.no</a>.</li> </ul>	
	2. Legge til rette for myndiggjering og brukarmedverknad i alle individuelle kontaktar.		